

Styremøte 28. juni 2011

Stad: Klubbhuset på Nes kl. 20.00 til 22.15

Desse møtte:

Inger Handegård (referat), Helge Alme, ann-Kristin Teigen, Asbjørg Rebni, Mona Listou
Jane Nybø Torgersen var spesielt invitert og var med på første sak.

Eva Røneid hadde meldt frafall

Forrige møte var 13. april – referat ligg på klubben si heimeside. Ingen saker ligg over frå forrige møte.

Sakliste:

1. Treningsområdet på Nes

- A: Status dugnad
- B: Nøklar
- C: Offisiell oppning av anlegget?
- D: Utlån av området
- E: Treningsdagar/tider

Vedtak/statusrapport:

A: Status dugnad

Dette manglar:

- ferdigstilling grunder + skråsteg portar
- netting til tetting grunder for små hundar
- stropper grunder ved pumpehus
- litt overtråd + bitta streng
- grus/heller der me går inn/ut i grindene
- ny runde med roundup i skråningen (haust)
- kjøkkendisk + overskap
- lite kjøleskap med vask/komfyr?
- eit campingbord til veranda
- målebånd til AG-måling
- lyspærer, feiekost
- henge opp nyvaska/nystrokne gardiner
- grind veranda (kompostgrunder)
- rydde/slå i/ved sandkasse? Må takast opp med grunneigar
- ekstranøklar toalett
- Inger rekner ut/held orden på dugnadstimar
- oppslag bli medlem
- oppslag fri trening for medlemmer

Neste dugnad vert etter skulestart haust 2011.

B: Nøklar

- depositum kr. 200
- alle nøklar vert ført i ei bok. Helge har bok og nøklar.
- alle med instruktøransvar + leiar/nestleiar får nøkkel
- nøklane skal vera nøytrale og IKKJE merkast med Nes

C: Offisiell oppning av anlegget

- anlegget skal vera ferdig
- me arrangerer familiedag

- henge opp oppslag rundt om i kommunen
- invitere ordfører og avisa

D: Utlån av området

Området kan lånast/leigast ut etter avtale med styret.
Det er viktig at det er aktivitet som er i samsvar med klubben sine haldningar.
Me må komma attende med meir detaljert informasjon seinare.

E: Treningsdagar – treningstider

Utsett til neste møte

2. Profilering av hundeklubben

I arbeidet med å få profilert hundklubben (trykk på jakker, t-shirt o.s.v) kontakta me fyrst Gloppen hundeklubb som har ivestert i treningsvestar for å høyre kva dette kom på. Pris for dei ca. 800kr, trykk fra Eurofoto som dei hadde gode forbindelsar til og fikk det billigt der. Signal som er komne fra medlemmar i klubben viser at det er berre nokre som er interesert i ein slik vest.

Det kom forslag om å få trykk på klær i stadenfor. LHK har gode forbindelsar "NTP" og dei skulle skaffe pris på merker som kan trykkast på. Har diverre ikkje fått nokon pris fra dei. Men dei vil sponse oss med merker. Her er svaret som eg har fått fra Stine og Ronny:

*"Hei! Vi får sponset 50 ryggmerker, 50 brystmerker, 25 rygg og 25 bryst i refleks av NTP :) Bryst 7*7 Rygg 25*25.. Totalt vil dette bli 150 merker kostnadsfritt til oss"*

Merka kan "sveisast" på nesten alle typar stoff/ materialer som kan varmebehandlast under trykk. Merkinga må skje på NTP, me får fleire opplysningar om korleis vi skal gjere dette.

Ny informasjon: Me har fått 50 merker av kvar type. Totalt 200 merker.

Vedtak:

- positivt tiltak
- må sende takkebrev for sponing + leggje dette ut på heimesida
- å samla opp kle er positivt
- må sjekke pris for montering

3: Manglande utstyr for lydighetstrening

Me treng fylgjande for å kunne trene på ulike klassar

3 apportbukkar tre i ulik størrelse + 3 i lik (ca. kr. 500)

5 tunge kjegler (ca. kr. 350.-)

5 markørkjegler (kr. 100)

Merkeband rute (kan lage sjølv) (ca. kr. 200)

Vedtak:

Det vert sett av kr. 2.000 til innkjøp av utstyr for LP-trening.

Det skal vera oppretta ei LP-gruppe før årsmøtet i 2012.

4: Innkomme forslag til styret frå Mona Nyløy – ungdomssatsing

Kunne det være ein ide å ha rimelegare kursavgift for ungdomar?

Bør det være søskenmoderasjon, slik at viss to søsken er på same kurs, er det rimelegare for nr 2?

Vedtak:

Det vert redusert kursavgift for alle klubbmedlemmer som er under 20 år

- for å få redusert avgift må ein vera medlem

- for 2011 vert det ein reduksjon på kr. 250 pr. kurs for juniorar (betalar kr. 500 – mot normalpris kr. 750)
- medlemmer har 1. prioritet på alle kurs
- søsken (juniorar) til juniormedlem som ikkje sjølv er medlem kan få ungdomspris dersom det er ledige plassar på kurset

5. Evaluering/referat Lustramarknaden

Kva gjekk bra og kva gjekk mindre bra.

Det negative var regnværet pluss ein skada freestylehund som skulle hatt oppvisning.

Ellers var alt positivt

- ny aktuell plass for framtidig lustramarknad er graset ved Coop då bilen til E-verket skygga i år
- treng større telt
- må ha plakatar med klokkeslett
- må ha med også lydigheit og freestyle
- ha med folder med informasjon korleis ein kan verte medlem i klubben

6. Evaluering/referat klubbmeisterskap i spor 4. juni

Me fekk kjempeomtale i Sogn Avis. Kiosken gav overskot på prøven.

Alle påmeldte fekk plass. Det vart kjemperesultat.

Det kom inn kritikk på trekking av spor – den skulle ha vore meir ryddig.

Mange sporleggjarar som sjølv skulle gå med hund med mer gjorde det heile vanskeleg.

7: Evaluering/referat sporprøve 23. juni

Alle påmeldte fekk plass då Helge Alme stilte som reservedommar.

Her var det bedre system for trekking (post-it lappar fungerte bra på stort ark)

Frukt selde svært dårleg i kiosken. Kake gjekk bra.

8: Evaluering/referat agilitykurs

Fint kurs. Det er mange nybegynnarar som er ivrige og har stor framgang. Det er nye treningstider med nybegynnarar først og vidarekomne etterpå.

9: Evaluering/referat kvelpekurs

Kasserer melder at alle har betalt.

Me ventar på info frå kurshaldar.

10: Evaluering/referat kvelpesosialisering

Ein trening på siste samling manglar grunna ingen dag då alle kunne og svært mykje elendig vær.

Medlemskontigent manglar på nokon som har meldt seg inn i klubben og gått på gratis kvelpesosialisering for medlemmer...

Grunna dette innfører me nye rutiner:

Før alle treningar/kurs osv. med krav om medlemskap i klubben for å vera med/reduisert pris osv. skal betalt medlemskontigent vera registrert hjå NKK. Dette kan ordnast på dagen ved å betala medlemskapet på nett med VISA. Mona og Inger føl denne saka opp.

11: Status sporprøve 13. juli

Prøven hadde mange påmeldte då fristen gjekk ut så det vart trekking av spor. Mange prøvde å etteranmelde til prøven. Meir informasjon etter avhalden prøve.

12 : Status økonomi

Mona L har gitt oss fylgjande oversikt i forhold til budsjett.

Kommentar frå Mona: Har ikke fått inn regninger for instruktørene til kursene. Og sikkert endel annet.

		sommer 2011	Bud 11	
Nr:	Tiltak			Ansvarleg 2011
1	Medlemskontigent	3665	3800	NKK
2	Drift inkl. tilskot	6457	5000	Mona L
3	Medlemsblad/heimeside/tlf/info	-3000	-2000	Inger
4	Faglitteratur / data		-1500	Inger
	Jubileum	5000	-3000	Styret
5	Medlemsmøter / gavekort	-2376	-3000	Inger, Mona
10	Kloppi-drift	-1105	0	Stine, Ronny
11	Kloppi-nye AG hinder	-30128	-30000	AG-gruppa
12	Nytt treningsområde-planlegging	-19128	-43000	
13	Sporprøver x 2		1000	Inger, Torill/Andreas
	Sporprøve - jubileumsprøve	1835	-1000	Inger, Torill/Andreas
17	Uoff utstilling		0	AG-gruppa
18	Utdanning instruktør		0	
	Kvelpesosialisering		-1000	Inger, Mona
19	Kurs-kvelp	3000	3000	Mona + Inger
	Trening AG Kloppi		0	AG-gruppa
	Trening LP Kloppi/Gaupne		-1000	
22	Kurs-vidaregåande LP		0	Inger
23	Kurs-spor-nybegynnar		0	Inger
24	Kurs-agility	5200	0	AG-gruppa
25	Renter		500	Mona L
26	Sluttresultat	-30580	-72200	

Klubben har bra økonomisk styring og stor aktivitet.
Kasserer har sendt inn for momskompensasjon.

13 Tilskot frå kommunen

Me har fått ei løyving på kr. 16.000 til nærmiljøtiltak på Nes. Dette er supert – men: Administrasjonen v rådmann innstilte oss til løyving på kr.,. 26.000. Politkarane i PFV tok frå oss 10.000 og gav detett il eit tiltak som rådmannen ikkje meinte var tilskotsberettiga. Grunngevinga skal ha vore at me ikkje dreiv med ungdomsarbeid og derfor kunne kosta utstyret sjølve.

Som leiar kjem eg til å påklaga dette vedtaket og begrunna det i at me har mista tilskot på eit usakeleg grunnlag då agility verkjeleg ER ungdomssatsing. Dessutan at me aldri har kunne fått tilskot tidlegare då me har fått beskjed om at me ikkje har vore tilskotsberettiga.

Håpar de synes at det er greitt at eg påklaga vedtaket ut i frå tilskotsreglementet og begrunninga og at dersom dei vel å gi til tiltak som ikkje er tilskotsberettiga, bør midlar til dette finnast andre stader.

Vedtak:

Me sender inn ei klage på handteringa av saka.

Klubben satsar stort på ungdom og 3 av 4 på kvelpekurs er ungdom, 4 av 7 på nybegynnarkurs agility, 4 på AG-treningane, 1 på sporprøve og 1 på LP-trening. Me får ikkje tilskot frå Natur og Miljø til dei yngste.

14. Medlemsliste

Me gjekk gjennom medlemsliste og ser ein positiv utvikling, men fleire har ikkje betalt kontigenten. Helge vil ha tilsendt medlemsliste mm

15: Presisering av instruktør – hjelpeinstruktør – honorar

Instruktør har hovedansvar for kurs og trening

Hjelpeinstruktør har hovedansvar for trening av grupper når det er for mange til ein instruktør på trening/kurs.

Me treng sårt fleire instruktørar!

16: Heimesida

Sida bør ryddast – få ut Kloppi under Om oss

Positivt med referat over aktivitet på framsida

Setje inn tid for gjetarhundkonkurransen

Helge prøver å få ny webmaster på plass.